

«Byen»

Eit uroleg nomadeliv

☛ Sigbjørn Obstfelder (1866–1900) blir rekna for den første norske modernistiske lyrikaren. Få har skildra einsemnda og framandgjeringa til det moderne mennesket betre enn han i tekstar som «Byen» og «Jeg ser».

☛ Som ung reiste Obstfelder til USA og arbeidde som ingeniør. Her såg han den moderne verda vekse fram – bylivet og store byggkonstruksjonar gjorde inntrykk, men han fann ikkje ro og mistreivst. Da han kom heim til Noreg, fekk han nervesamanbrot og vart ei kort stund liggjande på sjukehus.

☛ Obstfelder var stadig på flyttetot. Som ein moderne nomade reiste han frå by til by. Han kjende seg framand i dei europeiske storbyane og lengta heim. Men heimstaden gav han heller ikkje ro i sjela.

Han var rastlaus og grublande og såg på seg sjølv som eit barn av si tid, «som lever et nerveliv; anskuelser og livssyn er ikke for meg en hjernesag, de er også en rygmavvssag, en blodåresag». I Kristiania søkte han selskap med andre likesinna i bohem- og kunstnarkrinsar. Kunstnarvenner som Edvard Munch uttrykte òg ein eksistensiell angst og lengt i kunsten sin.




Sigbjørn Obstfelder

Forfattarskap

☛ Forfattarskapen til Obstfelder er ikkje særleg omfattande, men han skreiv tekstar i alle sjangrar. I tillegg til ei lita novelle-samling frå 1895 gav han ut skodespela *De røde draaber* (1897) og *Om vaaren* (1902).

☛ Romanane *Korset* (1896) og *En præsts dagbog* (1900) er begge eksperimentelle i forma. I *En præsts dagbok* møter vi ein grublande og tvilande prest som blir usikker på om det finst ein Gud, og på kva som egentleg er meininga med livet hans: «Hvorfor banker du sådan, hjerte? Du banker og banker, og jeg vet ikke hvad det er du vil.»

☛ Det er likevel som lyrikar Obstfelder er best kjend. I tillegg til tekstar som skildrar einsemd og framandgjerjing, skreiv han fleire dikt med emne som forelsking,



Førsteutgåva av skodespelet De røde draaber frå 1897

kjærleik og religiøs lengt, og ei rekkje meir muntre og melodiose dikt. Det er lite som minner om eksistensiell grubling når barn leiker seg med «En er en, og to er to – vi hopper i vand, vi triller i sand. Zik zak, vi drypper på tag, tik tak, det regner idag.»

Nyskaping og sjangerblanding

☛ Da Obstfelder gav ut samlinga *Digte* i 1893, fekk ho blanda mottaking. Mens Dagbladet melde at «denne lille bog blir årets største begivenhed i Norge», meinte journalisten i Aftenposten at desse dikta berre var «nonsens». Den ulike mottakinga vitnar om at folk var usikre på korleis dei skulle møte lyrikken til Obstfelder. Han braut nemleg med det dei var vane med å lese. Var dette brotet spennande nyskaping, eller var det berre dårleg lyrikk?

☛ I dag ser vi tydeleg at Obstfelder var ein nyskarar innanfor den tradisjonelle lyrikken. Som andre modernistar braut han med tradisjonelle strofeformer og valde friare rimmønster. I staden for enderim tok han i bruk bokstavrim, as-

sonansar, lydhermande ord og varierende verselengd for å skape klangar og rytme i dikta sine. Denne omfattande bruken av musikalske verkemiddel viser at Obstfelder var svært interessert i musikk.

☛ Eit anna typisk drag ved mange av dikta til Obstfelder er utrop, spørsmål, pausar, avbrotne setningar og andre verkemiddel som gjer at lesaren identifiserer seg med eg-personens ufiltrerte sansing og tankar. Obstfelders skrivemåte viser at forma er viktig for tolkinga av teksten – anten forfattaren stør seg til kjende rimmønster eller ikkje.



☞ Obstfelder var òg inspirert av den franske forfattere Charles Baudelaire (1821–1867). Baudelaire hadde alt i 1850-åra skrive såkalla prosalyriske tekstar. Særmerkt for denne sjangeren er ei blanding av forteljande prosa og lyriske verkemiddel som klang, rytme, gjentakning og poetisk biletbuk. Men mens ein del forfattarar hadde innslag av prosalyrikk i romanane sine, skreiv Obstfelder reine prosalyriske tekstar.

☞ Obstfelder forfatta rundt 30 tekstar i denne sjangeren. Fleire av dei vart publiserte i tidsskrift, men det var òg mange han ikkje rakk å publisere før han døydde. I 1903 kom *Efterladte arbejder*, der mellom anna «Byen» og «Hustru» stod på trykk, dei to mest kjende prosalyriske tekstane av Obstfelder.



Forfattere Charles Baudelaire var ein viktig føregangsmann for modernismen i diktarkunsten. Baudelaire tek utgangspunkt i storbyen Paris og alt det nye det urbane livet fører med seg.



*Baudelaire -
lyrisk diktning*



*Sigbjørn Obstfelder:
Jeg ser*



*Sigbjørn Obstfelder:
Digte*

«Byen»: eksistensiell angst og framandgjeriing



«Aften på Karl Johan» av Edvard Munch (1892)

☞ I den prosalyriske teksten «Byen» møter vi ein eg-person som ikkje finn ro der han er. Han bur på fjellet og har ikkje sett noko menneske på mange veker. Livet hans er prega av absolutt ro og einsemd, han høyrer ikkje anna enn sine egne tankar og bølgeskvulpet i tjer-net. Med eitt kjenner han angst og eit sagn

etter andre menneske, og fjellet står no fram som kaldt, det har «intet hjerte».

☞ For å finne indre ro og menneskeleg fellesskap reiser han med toget til byen. Men i byen møter han ikkje det han drøyer om. I staden finn han menneske som er framande for kvarandre og ulykkelege: «De snakker ikke til hinanden, de smiler ikke til hinanden.» Dessutan iler og hastar dei ustanseleg, «som var de piskede». Eg-personen blir fylt av angst i møte med desse menneska og konkluderer med at dei er vanvettige.

☞ Vi kan lese «Byen» som eit uttrykk for den modernistiske livskjensla. På 1800-talet flytte mange menneske inn til byane, men dei kjende seg ofte heimlause og sakna dei nære sosiale banda i bondesamfunnet. Eg-personen i Obstfelders tekst meiner han forstår kvifor bymenneska alltid har hast, «de piskes af sin egen

skygge». Dette kan vi tolke som at dei inst inne er misnøgde med kven dei er og kva dei gjer, og at dei hastar slik for å sleppe å tenkje på dette. «Byen» er ein subjektiv og sterk observasjon av kva urbaniseringa gjer med menneska og forholdet mellom dei.

☛ I «Byen» finn vi òg ein kontrast mellom livet på fjellet og livet i byen, i alle fall på overflata. Eg-personen i teksten opplever slett ikkje det guddommelege nærværet i naturen som dei romantiske diktarane elska å skildre, tvert imot. Fjellet har ikkje noko hjarte og maner fram angst hos eg-personen. Derfor set han sin lit til at byen kan vere staden han kjenner seg heime i. Men også byen skaper berre angst og framandgjerung. Eg-personen blir heimlaus og einsam overalt i verda, han finn ikkje ro nokon stad.



Folkeliv på Karl Johan i 1902

